



Statens vegvesen

Norconsult AS – Bergen
Postboks 1199
5811 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
18/139663-2

Dykkar referanse:
5183770

Vår dato:
22.06.2018

Merknad til planarbeid – Reguleringsplan for Meland vassbehandlingsanlegg og Håtuftvegen, inkludert kryss med fv. 246 Melandsvegen – Meland kommune

Vi viser til melding om oppstart av planarbeid for del av Håtuftvegen og Meland vassbehandlingsanlegg, motteke 18.juni 2018.

Sakshistorikk

Statens vegvesen har i tidlegare brev, datert 12.03.2018, gitt tilbakemelding om at vi ikkje har merknad til dispensasjon frå arealformål i kommuneplanens arealdel for frådeling og opparbeiding av Håtuftvegen. Fylkesmannen har vore kritisk til tiltaket, og viser til at omsyn til landbruksinteressene ikkje er tilstrekkeleg vurdert. Meland kommune vel difor å regulere tiltaket.

Føremål med planarbeidet

Bakgrunnen for reguleringa er at det må leggjast nye vass- og avlaupsleidningar frå det nye vassbehandlingsanlegget, for å sikre nok vatn til innbyggjarane i kommunen.

Planen skal leggje til rette for å utbetre og leggje om Håtuftvegen utanom gardstuna samt regulere areal for vassbehandlingsanlegg på Hestdal. Krysset mellom fv. 246 Melandsvegen og kommunal veg Håtuftvegen er del av planområdet.

Merknader til planarbeidet

Statens vegvesen er positiv til at Meland kommune vil auke tryggleiken langs den kommunale vegen og gjennom gardstuna.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Håtuftvegen kjem ut i fv. 246 mellom 2 svingar, og vi kan sjå av vegbildar at det er svært dårleg sikt mot venstre i kryssområdet grunna ein fjellknaus. Sikt retning høgre ser betre ut. Fylkesvegen har generell fartsgrense 80 km/t ved krysset, men reell fart er venteleg noko lågare.



Håtuftvegen kjem ut frå venstre i bildet, og har dårleg sikt til venstre grunna fjellknausen midt i biletet.

Statens vegvesen ber om at ein i planarbeidet legg til grunn vegstandard Sa3, 1-feltsveg med møteplassar, for fylkesvegen. Vidare bør kryssutforminga endrast til eit T-kryss med fylkesvegen som primærveg, jf. Handbok N100, kapittel E.1.1.1 Linjeføring.

I planarbeidet må ein finne løysingar som gir vesentleg betre sikt enn i dag. Ei løysing kan vere å flytte kryssområdet 40–50 meter mot vest. Statens vegvesen ber om å få vegtekniske teikningar til vurdering undervegs i planarbeidet, og er open for dialog om val av løysingar.

I føresegnene bør det innarbeidast krav om at ein byggeplan for tiltak i tilknytning til fylkesvegen skal vere godkjend av Statens vegvesen før det kan gjevast igangsettingsløyve til slike tiltak.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN

Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN

Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG